

# Årsmelding 2022

## Foldnes sokn



DEN NORSKE KYRKJA  
Foldnes sokn

# FOLDNES SOKNERÅD



**Per-Helge Refvik**  
Soknerådsleiar

## Helsing frå soknerådsleiar

Soknerådet sin visjon er at Foldnes kyrkja skal være "Di kyrkje for alle dagar". Det er mange ulike folk innom kyrkja vår i løpet av eit år, i ulike samanhengar. Vi vonar at alle som kjem kan kjenna seg velkomne og heime, både når dei samlast i

sorg, til kvardags og til fest. Vi ønsker at kyrkjelyden vår skal vere ein reiskap for å formidle kunnskap om trua, og om Gud sin omsorg for oss alle midt i alt som er.

Kyrkjelyden vår har mange engasjerte og trufaste støttespelarar.

Når vi samlast til gudsteneste er det ei rekke frivillige som bidreg. Dei kan vere kyrkjevert, tekniskar, forsongar, musikkar, skriftlesar, søndagsskuleleiar, ansvarleg for kyrkjekaffi eller ha andre oppgåver. Takk for den fantastiske innsatsen de alle legg ned!

Mellom søndagane er det også mange som legg ned ein stor innsats gjennom sine oppgåver i dei mange faste aktivitetane som går føre seg kyrkja. Det er også mange som bidrar i arbeidet gjennom bøn og gjevarteneste. Vi har ulike komitéar som arbeidar på ulike områder. Ein effektiv utsmykkingskomité har gjennomført ei rekkje tiltak for å gjere kyrkja enda finare. Vi har eit diakoniutval som arbeider med mellom anna besøksteneste og kyrkjeskyss. Ei basargruppe førebur og held vår årlege basar, noko som sikrar at vi får pengar til å halde fram med arbeidet vårt og kan støtte til dei to misjonsprosjekta våre: NMS sitt arbeid i Thailand og Israelsmisjonen sitt prosjekt «Bridgebuilder». I 2022 fekk vi også tilbake kyrkjekjellaren som kommunen har brukt som barnehage fram til no. Ein eigen innreiingskomité har arbeida med å gjere denne klar til bruk. Takk for alt de bidrar med!

Vi er og velsigna med særst flotte tilsette, som er dyktige og engasjerte i si gjerning. Takk for alt de gjer i den viktige tenesta dykkar!





## Arbeidet i soknerådet

Soknerådet har hatt 9 møter i løpet av året, og har handsama 89 saker.

Døme på viktige saker vi har arbeidd med er:

- Overtaking av kyrkjekjellaren frå kommunen
- Arrangere Kyrkjelydsweekend 2022
- Arrangere Juletefest
- Arrangere Sommaravslutning
- Soknerådet har arbeidet med korleis kyrkjelyden sjølv kan bidra i større grad med finansiering av løn til tilsette, i samband med varsle endringar i tildeling av ressursar til soknet frå Fellesrådet framover.
- Gjennomgang av samarbeid med dei andre sokna i kommunen
- Vidare arbeide med å fornye lydanlegget i kyrkja
- Vurdering av familiarbeidet i soknet
- Bryllaupslaurdag
- Førebu kyrkjeval 2023 og val av nominasjonsnemnd
- Melodiar for liturgiledd i gudstenestene

## Medlemmar i soknerådet

Soknerådet har i 2022 hatt følgjande medlemmar:

- Maria Tveten (sokneprest)
- Per Helge Refvik (leiar)
- Olav Ingard Fjeldstad (nestleiar)
- Gunnar Innerdal (sekretær)
- Astrid A. Myskja
- Janne Mo
- Hein Kvalheim
- Harald Rød
- Renate Olsen
- Ole Hamre (1. vara)
- Trond Høvik (vara)
- Bjarne Skarestad (vara)
- Bjørn Arvid Straume (vara)
- Jan Terje Sønstabø (vara)

Alle vararepresentantane får innkalling og deltek som regel på alle møta.

Arbeidsutvalet er samansett av Maria Tveten, Per Helge Refvik og Olav Ingard Fjeldstad.

Takk til alle i soknerådet for høgt engasjement og trufast arbeide!



# ÅRSRAPPORT FRÅ SOKNEPRESTEN



**Maria Tveten**  
Sokneprest

Det er ei stor glede å få vere sokneprest i Foldnes kyrkje. Kyrkja er praktfull, den er godt plassert og den har mange rom i tillegg til det sakrale, vakre og innbydande kyrkjerommet. Det er likevel ikkje kyrkjebygget i seg sjølv som gjer det godt å vere sokneprest i Foldnes sokn: Eg er aller mest

takksam for alle menneska som er kyrkja!

## Kvardagsfellesskap

Fleire brukar mykje av tida si i teneste for kyrkja og nesten. Mannsgruppen har hatt månadlege møtar sidan kyrkja var ny og basargruppen møtast jamnleg og er ei sosial møteplass, samstundes som gruppa samlar inn mykje pengar som kjem misjonsprosjekta og arbeidet i kyrkjelyden til gode. I året som har gått har utsmykningskomiteen mellom anna fått på plass eit kors i borggården og kyrkjetekstilane (antependiene), som ikkje heng på preikestolen, heng no i kyrkjelydssalen.

RAMP er eit konsept som har vore populært sidan oppstarten i 2014. I åtte år har det vore invitert til

foredrag og vakker musikk annankvar tysdag i kyrkja og i haust var konseptet supplert med ei kveldsmesse ein av desse tysdagane.

Soknerådet har ein visjon om at Foldnes kyrkje skal vere «Di kyrkje for alle dagar», og for veldig mange er dei ulike «kvardagsfellesskapa» i kyrkja gode møtepunkt med andre menneske og med Gud. Viss du er interessert i vere med i eit slikt fellesskap, kan du finne meir informasjon i Foldnes kyrkje sin informasjonsbrosjyre for våren 2023.

## Statistikk

Rapportane våre seier ikkje noko om kor mange menneske som kjem til kyrkja for å delta på dei ulike samlingane, men om vi litt uhøgtidleg legg saman snittet på deltakarar nærmar vi oss 300 menneske som deltek på ulike «kvardagsfellesskap» i kyrkja utanom gudstenester. I tillegg kjem trusopplæringstiltak og alt det som ikkje finn stad i kyrkja, som til dømes samtalar, heimebesøk, institusjonsandaktar og sorggrupper.

Endå er derimot ikkje statistikktalet heilt til å stole på. Starten av 2022 vart óg påverka av pandemien, så det er vanskeleg å finna tydelege tendensar. Det er like fullt nokre tal som er meir relevant å samanlikne enn andre;

dåpstala og gjennomsnittet på deltakarar til nattverd. Dåpstala går ned frå i fjor, vi veit óg at det vart fødde færre born på Litlesotra enn tidlegare. Gjennomsnitt på deltakarar til nattverd går ned samanlikna med 2019, samstundes som tala er høgare enn i 2018.

Vi veit at tala på gudstenestedeltakarar heng saman med kor mange konfirmantar vi har i soknet. I åra framover vil tala gå ned, fordi kulla vert mindre. 2022 har derimot vore eit annleis år for Foldnes kyrkje, fordi NRK ønska at vi skulle vere ein av seks «stallmenigheter». Difor har seks av gudstenestene vore gjort tilgjengeleg på radio og TV, og vi har fått feira gudsteneste med folk frå heile landet. Såleis kan vi seie at gudstenestedeltakarar aldri har vore


høgare enn i 2022! Å vere «stallmenighet» for NRK har vore både lærerikt og kjekt, og tilbakemeldingane frå både folk og NRK er gode. No har vi sagt at vi held fram mot sommaren 2023, men så gjev vi stafettpinnen vidare til ein annan kyrkjelyd.

## Di kyrkje for alle dagar

Ein årsrapport gjev eit lite vindaug inn i noko av det som skjer i ei kyrkjelyd. Det aller viktigaste kan likevel vere vanskeleg å få auge på gjennom ein rapport, fordi det ikkje kan målast i tal, tiltak eller samlingar. Jesus seier at han er ljuset i verda, og i ljuset frå Jesus vert alt annleis. Hjå Jesus finst kraft, glede, tilgjeving, frelse og håp, alle dagar.

# STATISTIKK

## DELTAKING PÅ GUDSTENESTER, TOTALT




Søyla viser det totale talet deltakarar på gudstenester i Foldnes sokn per år. Det er ikkje uventa 47% oppgang i gudstenestedeltaking frå 2021 til 2022, men det er verdt å merka seg at 2022 framleis ikkje er eit heilt år med «normal» drift.




Pr. 31.12.2022 er det **8519** medlemmer i Foldnes sokn.

## TAL DØYPTTE



## GJENNOMSNI TTLE G TAL NATTV ERDSGJESTAR



# ÅRSRAPPORT FRÅ BARN OG UNGE

## På tvers av generasjonane

Arbeidet blant barn og unge er eit felles prosjekt for alle i kyrkja. Det gjeld ikkje berre barn og ungdom og deira foreldre, men òg besteforeldre som følgjer barnebarna sine til T-dagar, pensjonistar som trufast stiller opp med praktisk hjelp, alle som ber for arbeidet, alle som er med som faste gjevarar og kyrkjelyden som feirar (familie)gudsteneste saman. Eit overordna mål i alt barne- og ungdomsarbeidet, er at dei skal oppleve at dei høyrer til i kyrkjelyden.

## Kyrkjelivet

Det har vore 13 **søndagsskulesamlingar** i samband med gudstenesta i 2022. Samlinga er todelt med søndagsskule for dei minste og søndagsring frå 5.klasse til konfirmantaldar. På samlingane nyttar vi opplegget til søndagsskulen Norge, «Sprell levande». Søndagsskulen i Foldnes vart driven av fire uløna medarbeidararar frå kyrkjelyden.

**Kyrkjelydsweekend** blei arrangert for 10. gong på Skjergardsheimen nord i Øygarden. På laurdagen var det bibeltid for dei vaksne, for ungdomane og for barn. Seinare kunne dei som ønska bli med på tur til Dethloff-hytta. Leirkvelden vart som vanleg eit høgdepunkt for mange. Det var nesten femti deltakarar og nesten fullt.

**KM Kluzz** har hatt sju familiesamlingar med gjennomsnittleg 15 deltakarar. På KM Kluzz er det god tid til både måltid, leik, aktivitetar og den gode samtalen.

## Småbarnsfasen (0-5 år)

I juni 2021 vedtok Foldnes sokneråd at småbarnsfasen (0-5 år) og tru i heimen skulle vere to av satsingsområda

i trusopplæringa. Dette har påverka mykje av arbeidet for denne aldersgruppa.

Vi har hatt til saman 17 **babysongsamlingar** (i samarbeid med KFUK/KFUM Open barnehage) i 2022, og til saman 54 babyar har vore innoom. På babysongen blir foreldra betre kjende både med songskatten vår, med kvarandre og med kyrkja og trua vår.

På alle **T-dagane** i småbarnsfasen har borna med seg minst ein vaksen, og familien får med seg både ei fin bok og gode idear til trusopplæring i heimen. Det er særleg kjekt å sjå besteforeldre som blir med barnebarna på T-dagar.

Ein av dei gode erfaringane frå pandemitida, var **påskevandring** for barnehagane utandørs langs Kyrkjevegen (ved Foldnes kyrkje). Dette er eit flott opplegg for

førskulegruppene, der dei vandrar gjennom dei ulike dagane i påska med forteljing, drama og song. I tillegg var det til saman 355 barn som kom på **adventsgudstenester** for barnehagane.

## Barneskulefasen (6-12 år)

**Lillelørdrag** har hatt 10 samlingar, med ein trufast gjeng med i snitt 15 deltakarar mellom 10 og 13 år. Lillelørdrag har fokus på aktivitet og trivsel med gode og trygge vaksne til stades.

**T-dagane** i barneskulefasen er felles for alle tre sokna i gamle Fjell. Dei ulike dagane fordeler seg på dei tre kyrkjene. På T13-dagen smeltar T-dagen og FUNK saman, ved at 7. klassingane får bli kjende med dei ulike ungdomsgruppene i kyrkja.





Vi har eit godt **samarbeid med barneskulane** gjennom skule-kyrkjeutvalet i Øygarden (SKU). Gjennom SKU inviterer vi til besøk på kyrkjegarden for 2.kl., besøk i kyrkja for 3.kl., Vandring gjennom Bibelen- kurs for 5. kl. og adventsgudstenester for heile barneskulen. Arbeidet gjennom SKU har fokus på kulturformidling, undervisning og identitet.

## Ungdomstida

Vi ser at særleg ungdomsarbeidet har blitt påverka av koronatida. Med to "pandemiår" der alt var annleis, er det vanskelegare enn tidlegare å engasjere ungdomane i kyrkja. Dette ser vi særleg på dei store fellesarrangementa. Desse har anten blitt nedskalert eller avlyst.

Hausten 2022 opplevde **TenSing Lukas** eit oppsving. Det var mange nye konfirmantar som starta opp denne hausten, og dette bidrar positivt til miljøet på øvingane. TenSing jobba fram mot ein flott julekonsert saman med Atle Pettersen.

**Ungdomslørdag (UL)** har hatt 16 samlingar med gjennomsnittleg 18 deltakarar. UL er ein kveld med måltid, aktivitet, konkurransar, lovsong, andakt og god stemning.


Foldnes sokn samarbeider med Fjell og Landro sokn om ungdomsarbeidet. **FUNK** (For Ungdom i Kyrkja) arrangerer leiarkurs (LED), adventsfest og leiarweekend. I tillegg sendte alle sokna representantar til Vegkryss – ungdomstinget i Bjørgvin. Ein av representantane frå Foldnes sokn, Marlen Nygård, blei valt inn i Bjørgvin ungdomsråd. Mange av dei eldre ungdommane er også med som leiarar, både på leirar, T-dagar og gudstenester.

Våren 2022 var det 92 ungdommar som blei **konfirmert** i Foldnes kyrkje; dette utgjer 85% av kullet. Konfirmantane hadde undervisning, var med på gudstenester og deltok i interessegrupper som leir, TenSing, Ungdomslørdag og lysmesse. På Fasteaksjonen samla dei inn over 92.000,- til Kirkens Nødhjelp.




# UTVALDE TRUSOPPLÆRINGSTILTAK

## BABYSONG



## T4 KYRKJEBOK




## T12 LYSVÅKEN



## KONFIRMASJON



## ALL TRUSOPPLÆRING 0-18 ÅR





# ÅRSRAPPORT FRÅ DIAKONIMEDARBEIDAREN



**Ellen Ebbesvik**

Diakonimedarbeidar

Diakoniarbeidet i 2022 har vore variert og innhaldsrikt.

Diakoniutvalet har bestått av diakonimedarbeidaren og fem frivillige. Me har hatt møte ca. ein gong pr. måned. Hovudfokuset har vore å få ferdig diakoniplanen.

I år fekk me ha alle dei planlagde formiddagstreffa våre. Ein onsdag i månaden møttest 35-40 personar til drøys, song, mat og andeleg påfyll. Kollega Eivind Lie er fast akkompagnatør og bidreg også med solosong. Dei fire frivillige som lager mat og serverer gjer ein kjempeinnsats. Gjennom året har me hatt besøk av til saman 315 personar.

Me har hatt besøk John Solsvik, Torbjørn Fjøren, Roy Lerberg, Egil Morland, Bente Haugland, Haldis Reigstad, Unni Instefjord, Irene Krokeide og Ole Abel Sveen.

Sorgarbeidet er ei viktig diakonal teneste, både i samtalar med enkeltpersonar og arrangement.

I år arrangerte me ein felles sorgkveld for alle sokna i Foldnes kyrkje. Terje og Eli Landro holdt fordrag og bidrog med song. I forkant av allehelgensgudstenesta, hadde me stand på Sartor senter. Diakon og prestar delte ut lys og materiell. Me fekk også fleire gode, men korte, samtalar med dei som kom bort til standen.

Alle pårørande som hadde mista ein av sine sidan hausten 2021 var spesielt inviterte til gudstenesta. Me las opp alle namna og tente lys for dei avdøde.

Heimebesøk er ei teneste me tilbyr. Diakonmedarbeidaren og frivillige har vore på heimebesøk i heile soknet. Me har framleis ledig tid og kapasitet til å besøke fleire.

Eg har også vore ein del innom Øygarden lokalmedisinsk senter og Straume bu- og servicesenter.

I august gjekk kyrkjelydsturen til Sjelesorgsenteret på Modum. Etter kommunesamanslåinga femner no gruppa som reiste austover alle sokna. Alle kjente ikkje alle, men på kort tid, vart me ein stor søskenflokk. Me hadde tilbod om foredrag, sosiale samlingar, utflukt, tidebøn og tid for aleinetid. Togturane gav oss tid til samtale og fellesskap.

Hausten 2022 arrangerte me parkveld. Det var ikkje mange par som kom på samlinga, men me fekk positive tilbakemeldingar. Me har satt opp ny samling til hausten 2023.

Planane framover i 2023, er å ha ei aktiv diakoniteneste i soknet.

Diakoniutvalet ønskjer å få tatt i bruk kjellaren i kyrkja. Målet er å ha eit lågterskeltilbod to dagar i veka. Ein føremiddag og søndag ettermiddag. Her kan folk komme inn for ein kopp kaffi og samtale. Dette er ei teneste som hovudsakelig vil bli drevet av frivillige.

# ÅRSRAPPORT FRÅ ORGANISTEN



**Aasmund Brekke**  
Organist

## Gudstenester

Musikkarbeidet i gudstenester har følgt same mal som i tidlegare år, med vekt på eit variert musikalsk uttrykk, med bruk av både orgel, piano og band, og med forsongarar på kvar gudsteneste. På nokre av formiddagsgudstenestene og

kveldsgudstenestene har det vore med band.

I Foldnes kyrkje er det ei gruppe på omkring 12 frivillige forsongarar som byttar på å leia salmesongen på så å seia alle gudstenester gjennom året. I tillegg har til saman rundt 10 frivillige musikarar og solosongarar medverka frivillig ved ein del av gudstenestene, pluss nokre innleigde profesjonelle musikarar.

Elles har fleire kor/korps medverka på gudstenester gjennom året: gospelkoret Lokal Vokal med band, Lukas Tensing, Musikklaget Fjellklang og Sotra Storband.

## Radio- og TV-gudstenester

I 2022 vart det gjennomført 6 gudstenester med overføring på NRK, 4 reine radiogudstenester på NRK P1, og 2 gudstenester som vart sendt både på radio og TV (P1+ og NRK 1). På dei fleste av desse gudstenestene medverka lokale frivillige musikarar og songsolistar, pluss innleigde profesjonelle musikarar på ei av gudstenestene. Ei av radiogudstenestene var lagt opp som ei jazzgudsteneste med framføring av Jazzmesse komponert av organist Aasmund Brekke. Ei anna av radiogudstenestene var lagt opp som ei gospelgudsteneste der Gospelkoret Lokal Vokal medverka.

## Musikkarbeid på Ramp-samlingar

Arbeidet med musikk på Ramp-samlingane gjekk som normalt i haustsemesteret, men i vårsemesteret vart alt avlyst utanom påskekonsert siste veka før påske. Organisten har det musikalske ansvaret, og får hjelp av eit fast husband med tre musikarar som stiller som frivillige, pluss vekslende solistar, i 2022 har det vore med fem frivillige solistar.





## Korarbeid

Hausten 2021 vart det starta opp eit nytt kor i Foldnes kyrkje, Gospelkoret Lokal Vokal. Dei øver kvar onsdag under leiing av dirigent Lene Innerdal. I 2022 har koret medverka ved ei rekke høve, ved gudstenester (m.a. radiogudsteneste), ved Ramp Påskekonsert og julekonsert, og Vi syng jula inn. I tillegg har koret arrangert to store konsertar på eiga hand.

Mannskoret Avogtil øver av og til, og har sunge på Vi syng jula inn.

## Konsertar i kyrkja

Det har vore følgjande konsertar i Foldnes kyrkje dette året:

- 09.01: Konsert med Ensemble Zelenka
- 05.04: Ramp påskekonsert
- 08.04: Konsert med Leif Jone Ølberg
- 06.06: Konsert med gospelkoret Lokal Vokal og Vokalgruppa Bless
- 16.06: Kveldskonsert med Sotra Reviderte, Kjerstin Vinsjansen Gjertsen og Øygarden kyrkjebrass
- 13.09: Konsert med Kristin Asbjørnsen kvartett (i regi av Ramp)

- 18.09: Orgelkonsert med Ivar Mæland
- 23.09: Konsert med Biskopshavn Ungdomskor
- 01.12: Stille Natt – Julekonsert med Rune Larsen etc.
- 06.12: Ramp adventskonsert
- 10.12: Generalprøve til Ottesong med Øygarden Kulturskulekor
- 11.12: 2 konsertar med Fjellkoret
- 13.12: Ottesong med Øygarden kulturskulekor
- 15.12: Konsert med damekoret Øysong
- 18.12: Vi syng jula inn
- 19.12: Konsert med Atle Pettersen og Lukas Tensing

## Nye høgtalarar

Etter ein lang prosess med pengeinnsamling, vurdering av ulike alternativ, søknad om godkjenning frå biskopen og fem månaders leveringstid frå bestilling, vart nye høgtalarar endeleg installerte i kyrkja i desember 2022. Dette har medført eit markant løft i opplevinga av god lyd kvalitet på mange ulike møtestader, som gudstenester, konsertar og ikkje minst på Ramp-samlingar utgjør dette ein stor forskjell.

## Medarbeidarane i Foldnes sokneteam:

Medarbeidar	Stilling
Maria Tveten	Sokneprest
Mathilde Karin Dale	Soknetamleiar
Aasmund Brekke	Organist
Line Steinsland Mosnes	Administrasjonskonsulent
Elisabeth Møll Jung	Trusopplærar
Beate Sørhus	Kyrkjelydspedagog
Ellen Ebbesvik	Diakonimedarbeidar
Mona Iren Hansen	Kyrkjetenar
Kyung Mi Yun	Ungdomsarbeidar
Odd Ivar Frafjord	Kyrkjetenar

## Årsrekneskap for Foldnes sokneråd 2022

Økonomisk har det vore eit godt år. Inntektene og utgifter ligg over det som var budsjettert for året. Soknerådet går samla sett med eit underskot på kr 45 779.

Foldnes sokneråd har hatt kr 938 335 i utgifter og kr 883 322 i inntekter. Dette gjev eit negativt resultat før finansieringstransaksjonar og avsetjingar til fond på kr 55 013. Foldnes sokneråd set av kr 183 033 til ulike fond; fond Foldnes utsmykking, fond Foldnes diakoni, fond Foldnes misjonsprosjekt, fond Foldnes RAMP og fond Foldnes Barn og ungdomsarbeid. Etter dette er det eit underskot på kr 45 729 som vert dekt inn av soknerådet sitt disposisjonsfond.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Foldnes sokneråd på mange ulike måtar i 2022.

